

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør • NPA • MNAL • MNIF

Ørsta 23.1.2012

Grunneigarar, off. mynde, organisasjonar


Tiltak:

OPPSTART AV PRIVAT REGULERINGSARBEID

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova (27.6.2008) vert det med dette varsla oppstart av arbeid med

DETALJPLAN FOR HALLEBYGDA SMÅBÅTHAMN I SANDE KOMMUNE

Hovudføremålet med planarbeidet er å leggje til rette for utviding av Hallebygda småbåthamn. Tilgrensande areal vil bli vurdert nytta til naust, opplagsplass for båtar og ev. andre bruksformer. Forsamlingshuset for Hallebygda «Halletun» inngår i planen. Gjeldande reguleringsplan for Hallebygda Fritidspark vil bli omforma og inngår også i planområdet. Arealet mellom gjeldande plan og fylkesveg vil bli vurdert nytta til naust, lagerplass for småbåtar ev. fritidshus/hytter. I kommunedelplan for Larsnes er planområdet lagt ut til grendehus, trafikkområde, fritidshus, LNF-område og ferdselsområde i sjø.



Planområde

AG Plan og Arkitektur AS

Webjørn Svendsen gate 12

6150 ØRSTA

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12

6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

www.agplan.no

firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841

Org.nr: 884 182 042 MVA


ARKITEKTUR • AREALPLANLEGGING • VEGPLANLEGGING • VATN- OG AVLØPSANLEGG • ANDRE ANLEGG OG
KONSTRUKSJONAR • PROSJEKTLEIING • BYGGJELEIING •

Tiltakshavar, vedtak om igangsetting av planarbeidet:

Tiltakshavar er Hallebygda Småbåtlag. Arbeidet vert utført av AG Plan og Arkitektur AS.

Planområde:

Planområdet gjeld eigedomar innanfor vist plangrense, jf. kartutsnitt under.



Planområde /plangrense: - - - - -

Planområdet er på om lag ca. 70 daa. Området sin storleik kan bli mindre omfattande enn vist på skissa. Dette vil bli nærare avklare undervegs.

Gjeldande planar:

Reguleringsplanar:


Del av planområdet er tidligere regulert. Reguleringsplanen "Hallebygda Fritidspark - stadfesta av K-styret 29.4.2008 - vil bli omarbeidd, som del av planarbeidet.



Gjeldande plan Hallebygda Fritidspark og vår plangrense

Kommuneplanen:

I kommunedelplanen for Larsnes 2002-2011 er området lagt ut fritidshus, LNF-område og ferdselsområde i sjø.



Utsnitt av kommunedelplanen for Larsnes 2002-2011

Tidlegare handsaming/spørsmål om oppstart:

Hallebygda småbåtlag søkte 16.11.2011 om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for utviding av eksisterande molo ved Hallebygda hamn. Sande formannskap tilrådde i møte 6.12. 2011, sak 113/11, at det vart gitt dispensasjon for utviding av hamna. Formannskapet føresette at tidlegare stadfesta reguleringsplan for Hallebygda Fritidspark vert endra og at arealbruken for hamneområdet vert fastlagt før det vert gitt løyve til vidare utbygging av båtplassar og andre tiltak innanfor hamneområdet.

Saka vart sendt på høyring på vanleg måte. I samband med høyringa, vart kommunen rådd i frå å gi dispensasjon frå gjeldande kommuneplan frå fleire av uttaleinstansane. Uttaleinstansane kan ikkje sjå at det er heimel for å gi dispensasjon. Tiltaket må etter deira vurdering gjennomførast som reguleringsplan.

Sande formannskap handsama i møte 17.1.2012, sak 7/12, søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid. Formannskapet hadde ikkje merknader til at det vert sett i gong arbeid med privat reguleringsplan for området omfatta av om kring Hallebygda hamn.

Reguleringsføremål:

Aktuelle reguleringsføremål er bygningar og anlegg (forsamlingslokale, fritidsbusetnad; rorbuer, naust ev hytter), samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (hamn/molo, køyreveg, gangveggar/ gangstiar, parkeringsplassar og annan veggrunn), LNF-område (friluftsområde) og bruk og vern av sjø og vassdrag (hamneområde, ferdselsområde, småbåthamn, friluftsområde). Omsynssoner. Fleire formål og omsynssoner kan kome til.

Tilkomst:

Tilkomsten vert frå fylkesveg nr. 9.

Planprosess, medverknad:

Opp mot kommunen:

Tiltakshavar vil under planarbeidet drøfte/avklare med kommunen ev. overordna forhold som vert berørt av utbygginga. Tiltakshavar vil halde møte med kommunen under planprosessen for å diskutere ev. merknader ved forvarslinga og hovudprinsippa ved reguleringa (med bakgrunn i skisser).

Opp mot særskilte grupper:

Tiltakshavar vil kalle inn til og ha drøfting med leiar i dei utvala i kommunen som er sett til å ivareta særskilte grupper/behov: Eldrerådet, Kommunalt råd for funksjonshemma, Ungdområdet, og Barn og unge sin representant.

Type reguleringsplan:

Reguleringsplanen vil bli fremja som detaljplan etter plan- og bygningslova § 12-3.

Konsekvensane av planen, ROS, jf Plan- og bygningslova §§ 4-1, 4-2 og 4-3:

Planen si avgrensing og formål er ikkje fullt ut i samsvar med kommuneplanen sin arealdel. Planlagt tiltak inneber forlenging av eksisterande molo og endra bruk av område lagt ut til LNF-område i kommuneplanen. Som følgje av «Forskrift om konsekvensutredningar» § 3 punkt d, skal vesentlege avvik vurderast opp mot forskrifta sin § 4. Vi har gått gjennom offentleg tilgjengelege databaser og sjekka desse opp mot kriteria i § 4. Så langt vi kan sjå, vil ikkje planlagt tiltak kome i konflikt med eller føre til vesentlege konsekvensar for dette tiltaket.

Avviket har vore drøfta med Sande kommune. Ein har konkludert med at det ikkje er nødvendig med planprogram og konsekvensutgreiing.

- Side 5 av 6

Det vil bli utarbeidd ei enkel risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som del av planarbeidet. Ut frå dei registreringane som ligg føre i tilgjengelege databaser kan vi førebels ikkje sjå potensiale for vesentlege konsekvensar i høve ROS.

Innspel/merknader til varsel om oppstart:

Innspel/merknader til planarbeidet skal vere skriftlege og sendast til:

AG Plan og Arkitektur AS (helst på E-post):	
<u>firmapost@agplan.no</u>	Frist: 25.2.2012
eller	
Webjørn Svendsen gate 12, 6150 Ørsta	
E-post og ev skriv skal vere merka: Reguleringsarbeid for Hallebygda Småbåtlag i Sande kommune	

Eventuelle spørsmål til planarbeidet kan rettast til:

Roger Gjerde i Hallebygda Småbåtlag, tlf. 90 59 23 40

Vidare saksgong:

Planforslaget

Siktemålet er å utarbeide framlegg til plan innan mars/april 2012. Framlegg til plan vil då bli lagt fram for formannskapet i Sande kommune med sikte på vedtak om offentlig ettersyn av planframlegget. Innspel/merknadar som er komne inn som følge av denne oppstartsmeldinga/annonsen, vil bli gjort greie for. Planforslaget vert deretter lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker. Interesserte får då nytt høve til å kome med innspel/merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Vennleg helsing

fw

Berit Sandvik Skeide
Landskapsarkitekt/Planleggar

Kåre Gjerdal

Vedlegg:


- Annonse

Som uprenta vedlegg (jf heimeside til AG ... og Sande kommune)

- Vedtak og saksutgreiing i formannskapet, F-sak 7/12 (17.1.2012)

Kopi:

- Hallebygda Småbåtlag, 6084 Larsnes



Lokalisering av planområdet

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •NPA •MNAL•MNIF

Ørsta 23/1 2012

Vestlandsnytt

Vi ber om at vedlagde annonse vert teken inn i avisa Dykkar ein gong over 2 spalter TYSDAG 24.1.2012. Annonseteksta er teksta mellom dei stipla linene.

Annonsen skal trykkast i svart/kvitt inkl. kartutsnitt. **Kartutsnitt skal tilpassast ca 1 ½ spaltebreidde.**

OPPSTART AV PLANARBEID


I samsvar med § 12-1, 12-8 og 12-14 i Plan- og bygningslova vert det med dette kunngjort at følgjande privat reguleringsarbeid vert sett i gong:

DETALJPLAN (PBL § 12-3) FOR HALLEBYGDA SMÅBÅTHAMN I SANDE KOMMUNE, VARSEL OM IGANGSETTING AV PRIVAT PLANARBEID, JF. PBL § 12-8

Hovudføremålet med planarbeidet er å leggje til rette for utviding av Hallebygda småbåthamn. Tilgrensande areal vil bli vurdert nytta til naust, opplagsplass for båtar og ev. andre bruksformer. Forsamlingshuset for Hallebygda «Halletun» inngår i planen.

Gjeldande reguleringsplan for Hallebygda Fritidspark vil bli omforma og inngår også i planområdet. Arealet mellom gjeldande plan og fylkesveg vil bli vurdert nytta til naust, lagerplass for småbåtar ev. fritidshus/hytter. I kommunedelplan for Larsnes er planområdet lagt ut til grendehus, trafikkområde, fritidshus, LNF-område og ferdselsområde i sjø.

Planområdet gjeld eigedomar vist på kartutsnittet under. Arealet omfattar om lag 70 daa.



Planområde

AG Plan og Arkitektur AS

Webjørn Svendsen gate 12

6150 ØRSTA

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12

6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

www.agplan.no

firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841

Org.nr: 884 182 042 MVA

● Side 2

Aktuelle reguleringsføremål er bygningar og anlegg (forsamlingslokale, fritidsbusetnad; rorbuer, naust ev hytter), samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (hamn/molo, køyreveg, gangveggar/ gangstiar, parkeringsplassar og annan veggrunn), LNF-område (friluftsområde) og bruk og vern av sjø og vassdrag (hamneområde, ferdselsområde, småbåthamn, friluftsområde). Omsynssoner. Fleire formål og omsynssoner kan kome til.

Tiltaket avvik litt frå kommuneplanen sin arealdel. Ein vurderer det slik at avviket ikkje er av ein slik karakter at ein pliktar å utarbeide planprogram og konsekvensutgreiing, jf. «Forskrift om konsekvensutredninger (FOR 2009-06-26 nr. 866)». Tiltaket har ikkje vesentlege konsekvensar for natur, miljø og samfunn.

Tiltakshavar er Hallebygda Småbåtlag. Arbeidet vert utført av AG Plan og Arkitektur AS.

Grunneigarar, off. mynde og organisasjonar vert varsla i eige skriv. Varslingsdokumenta er tilgjengelege på nettsidene www.agplan.no og www.sande-mr.kommune.no.

Innspel til reguleringsarbeidet skal vere skriftlege og sendast til

AG Plan og Arkitektur AS

Adresse: firmapost@agplan.no eller Webjørn Svendsen gate 12, 6150 ØRSTA innan **25.2.2012**. E-post (ev skriv) skal vere merka: REGULERINGSARBEID FOR HALLEBYGDA SMÅBÅTLAG I SANDE KOMMUNE.

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12, 6150 ØRSTA. Tlf 700 61 600

Vi minner om at annonsen skal trykkast i svart/kvitt, inkl. kartutsnitt. Der er òg viktig at teksta AG Plan og Arkitektur AS er utheva med tjukk skrift, og brukar heile spaltebreidda.

Vedlagt følgjer også kartutsnittet i jpg format.

Vi ber til slutt om at faktura for annonsen vert sendt direkte til tiltakshavar:

Hallebygda Småbåtlag
v/ leiar Atle Beitveit
6084 Larsnes

Med vennleg helsing

Berit Sandvik Skeide
Landskapsarkitekt/planleggar



SANDE KOMMUNE
RÅDMANNEN
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

Hallebygda Småbåtlag

6084 LARSNES

Saksnr	Løpenr	Arkiv	Avd/Sakshandsamar	Dato
2011/1101	239/2012	28/44	STAB / TCK	18.01.2012

MELDING OM VEDTAK

GNR. 28 BNR. 44 HALLEBYGDA SMÅBÅTLAG. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN FOR FORLENDING AV MOLO

Vi melder med dette frå at Sande formannskap den 17. januar 2012, hadde føre ovannemnde som sak F-7/12, der det vart gjort slikt vedtak:

Sande formannskap vil vise til framlagde fråsegner til dispensasjonssøknaden og vedtek at det må utarbeidast privat reguleringsplan for hamneområdet i Hallebygda for det vert gitt løyve til vidare utbygging av småbåthamna.

Sande formannskap har ikkje merknadar til at det vert oppstarta arbeid med privat reguleringsplan for området ved Hallebygda hamn slik det går fram av brev frå AG Plan og Arkitektur AS dat. 17.1.2012 og med avgrensing av planområde slik det er vist på kartutsnitt M=1:2000 dat. 17.1.2012, jmf. § 12-8 i Plan- og bygningslova.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift

Sande Servicekontor

Tove Cathrine Kvamme

Tove Cathrine Kvamme

Konsulent

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal Fylkeskommune
Kystverket

Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fylkeshuset	6404	Molde
Postboks 1502	6025	Ålesund